



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
10.4.2011	x/2010	Morten Larsen

Saksnr 3/11	Utval Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	Møtedato 14.4.2011
------------------------------	---	------------------------------

HMS-ÅRSRAPPORTERING 2010

I samsvar med HMS-systemhandboka, kap. 5, skal driftseiningane årleg rapportere HMS-status i eininga per 31.12. Driftseining blir i denne samanhengen nytta som samleomgrep for alle organisatoriske nivå som er ansvarleg for å følgje opp HMS-systemhandboka sine krav til eit systematisk HMS-arbeid heimla i arbeidsmiljølova § 3-1 og internkontrollforskriften.

HMS-årsrapporten skal bidra til å:

- kartlegge kva for standard driftseiningane har i høve til HMS-krav som er fastsett i lover, forskrifter og fylket sine egne retningslinjer
- analysere avvik frå standard
- prioritere tiltak

HMS-årsrapporten dekker samtidig arbeidsmiljølova § 7-2 (6) sitt krav til årsrapport for arbeidsmiljøutvala.

Alle 5 tannhersedistrikt har levert årsrapport. Rapport frå fylkestannlegens kontor inngår også i vedlagte samanstilling av rapportane.

./ Den vedlagte HMS-årsrapporten er ei oppsummering av alle rapportane, og beskriv hovudtrekka i arbeidsmiljøsituasjonen i verksemda.

Følgjande element inngår i årsrapporten frå driftseiningane:

1. Status på driftseininga sitt systematiske HMS-arbeid
2. Status på HMS-resultatmåla som er gitt av fylkesrådmannen
3. Status på arbeidsmiljøfaktorane med dokumentasjon på avvik som ikkje er retta opp pr. 31. desember.
4. Statistisk informasjon om HMS-arbeidet (sjukefråver, arbeidsulykker, rehabilitering, uførestønad, AFP).

Forslag til vedtak:

SAMUT tar HMS-årsrapport 2010 for tannhelsesektoren til vitande.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Kontorsjef